

Komparativ historie: ei utfordring for historiefaget?

Av Leidulf Melve

Artikkelen diskuterer ulike sider ved bruken av komparasjon i historiefaget

English
abstract
p 173

med ei særleg vekt på metodiske spørsmål. Desse inkluderer spørsmålet om abstraksjonsnivå, talet på undersøkingseiningar og valet mellom synkron eller diakron jamføring på den eine sida og meir praktiske utfordringar knytt til bruk av primærkjelder og historiografi på den andre. I siste instans har artikkelen eit praktisk siktemål: å illustrera at det ikkje er noko naudsynt motsetnad mellom den forma for makro-kausale jamføring som delar av den historiske sosiologien har gjort seg til talsmenn for og det individualiserande og kontekstualiserande blikket som gjerne historikarar forfektar når det gjeld samanlikning.

leidulf.melve@cms.uib.no

Melve er professor ved Centre for Medieval Studies,
Universitetet i Bergen.

Historisk tidsskrift

Bind 88, s. 61–80

© Universitetsforlaget 2009

HISTORIKARAR HAR ENDÅ til gode å omfemna komparativ historie. Det heile er noko paradoksalt; på den eine sida vert det ofte teke til orde for komparativ historie, og dei mange føremonene som ligg i å operera med jamføring er understreka: komparasjon assisterer historikaren på alle nivå i den historiske undersøkinga, frå formuleringa av spørsmål og hypotesar til val av tilnærming og testing av konklusjonar.¹ Det har jamvel vorte hevda at all historie i røynda er komparativ historie.² På den andre sida finst det ytst få undersøkingar som er systematisk komparative. Samanliknande historie er rekna som eit randfenomen i USA,³ Storbritannia⁴ og Frankrike,⁵ men i nokon mindre grad i Tyskland.⁶ I følgje Hartmut Kaelble er det også relativt få norske og skandinaviske komparative arbeid frå perioden 1970–1995.⁷ Det må understrekast at fokuset i desse oversiktene – og i det følgjande – er på systematiske samanlikningar, til skilnad frå granskingar som nyttar eksemplifisering,⁸ analogi⁹ og andre former for perspektivering. I denne samanhengen er det interessant at komparasjon er meir nytta av antikkhistorikarar og moderne historikarar enn mellomalderhistorikarar og dei som syslar med tidleg moderne tid.¹⁰

1. Sjå til dømes R. Grew, *The Case for Comparing Histories*, i *The American Historical Review*, 85, 1980: 769; M. Morner, J.F. de Vinuela og J.D. French, *Comparative Approaches to Latin American History*, i *Latin American Research Review*, 17, 1982: 75.

2. Grew, *The Case for Comparing Histories*, 768: «Thus, the need to compare and the habit of doing it are a large part of the practice that makes history a discipline ...».

3. G.M. Fredrickson, *From Exceptionalism to Variability: Recent Developments in Cross-National Comparative History*, i *The Journal of American History*, 82, 1995: 587.

4. G. Crossick, *And what should they know of England? Die vergleichende Geschichtsschreibung im heutigen Großbritannien*, i H.-G. Haupt og J. Kocka (red.), *Geschichte und Vergleich. Ansätze und Ergebnisse international vergleichender Geschichtsschreibung*, Frankfurt 1996: 61–75.

5. H.-G. Haupt, *Eine schwierige Öffnung nach außen: Die international vergleichende Geschichtswissenschaft in Frankreich*, i Haupt og Kocka, *Geschichte und Vergleich*, 77–90.

6. H.-G. Haupt og J. Kocka, *Historischer Vergleich: Methoden, Aufgaben, Probleme. Eine Einleitung*, i Haupt og Kocka, *Geschichte und Vergleich*, 9–45. Samanlikning er meir utbreidd blant tyske historikarar enn blant dei i Frankrike og Italia kanskje av di franske og italienske historikarar viar større merksemd mot regionale studiar (H.-G. Haupt og J. Kocka, *Comparative History: Methods, Aims, Problems*, i D. Cohen og M. O'Connor (red.), *Comparison and History. Europe in Cross-National Perspective*, New York 2004: 23.

7. H. Kaelble, *Der historische Vergleich. Eine Einführung zum 19. und 20. Jahrhundert*, Frankfurt 1999. Her må det leggjast til at Kaelble berre ser på forskning publisert internasjonalt og at talet naturleg nok er høgare om ein inkluderer det som er publisert nasjonalt.

8. I følgje E.A. Hammel, *The Comparative Method in Anthropological Perspective*, i *Comparative Studies in Society and History*, 22, 1980: 146, er samanlikningar som nyttar eksemplifisering trivielle og resulterer i feil fokus.

9. Det vert vanlegvis skilt mellom «analogiar» og «samanlikningar»; sjå til dømes C.N. Degler, *Review: Comparative History: An Essay Review*, i *The Journal of Southern History*, 34, 1968: 426.

10. Haupt og Kocka, *Comparative History*, i Cohen og O'Connor, *Comparison and History*, 23.

Samanlikna med diskusjonar om jamføring innanfor delar av samfunnsvitskapen – diskusjonar som tek opp teoretiske så vel som praktiske spørsmål kring tilnærminga – syner også historiefaget mindre teoretisk skulering. Berre unntaksvis er dei praktiske implikasjonane av teoretiske forslag drøfta inngåande – for gjennom dette å leggja grunnlaget for metodisk utvikling. I det følgjande vil eg difor drøfta somme sider ved komparativ historie, særleg med omsyn til utfordringane for bruken av den komparative metoden i historisk forskning. Meir konkret inneber dette å diskutera jamføring i høve til abstraksjonsnivå, undersøkingseiningar og valet mellom synkron eller diakron jamføring på den eine sida, og meir praktiske utfordringar knytt til bruk av primærkjelder og ulike historiografiske tradisjonar på den andre.

KOMPARASJON – EIN KORT HISTORIOGRAFISK OVERSIKT

Historiografiske oversikter over komparasjon startar gjerne med John Stuart Mill og skiljet mellom «method of agreement» og «method of difference».¹¹ Skjemaet som Mill sette opp – der ein anten leitte etter likskapar eller ulikskapar – fekk likevel ingen større resepsjon på siste halvdel av 1800-talet; den tyske historiske skulen si vekt på statshistorie var eit rådande paradigme som knapt hadde plass til komparasjon.¹² Det er såleis indikerande at dei fyrste meir eller mindre systematisk jamførande historiske undersøkingane anten hadde eit sterkt sosiologisk innslag – slik som dei til Max Weber og Otto Hintze – eller kom frå historikarar som braut med somme sider av arva frå den historiske skulen. Marc Bloch er nok den viktigaste her, ikkje berre grunna verknadshistoria til verk som *Les rois Thaumaturges* (1924) og *La société féodale* (1939–40),¹³ men også – som me skal koma attende til – viktige metodiske innspel i diskusjonen om jamføring.

Etterkrigstida er med rette kalla gullalderen til den historiske sosiologien. Gjerne med bakgrunn i Weber og Durkheim, som båe tok til orde for komparasjon, kom systematisk komparative historisk-sosiologiske arbeid på rekkje og rad på 1950- og 1960-talet. Sjølv om dei fleste av desse arbeida er sterkt inspirerte av den utviklingsoptimismen og positivistiske grunnhaldninga som prega amerikansk sosiologi i den fyrste etterkrigstida, er det stor tematisk variasjon. Det er til dømes langt mellom Seymour

11. J.S. Mill, *A System of Logic*, London 1898 (1843).

12. J. Kocka, Historische Komparatistik in Deutschland, i Haupt og Kocka, *Geschichte und Vergleich*, 47: «Dem Historismus blieb das systematische Vergleichen fremd.»

13. M. Bloch, *Les rois Thaumaturges: étude sur le caractère surnaturel attribué à la puissance royale particulièrement en France et en Angleterre*, Paris 1924; M. Bloch, *La société féodale*, Paris 1939–40.

Walter Lipset si komparative undersøking av amerikansk eksepsjonisme i *The First New Nation*¹⁴ og *The Political Systems of Empires* der S.N. Eisenstadt freistar å få grep om utviklingsdynamikken til imperium gjennom samanlikning.¹⁵ Om ein skal trekkja fram eitt av desse verka, må det bli Barrington Moore si undersøking av kvifor nokre land utvikla seg til demokrati medan andre enda opp som diktatur. Undersøkinga vert framleis nytta som inspirasjonskjelde, og det hovudsakleg av to grunnar. For det fyrste syner Moore, gjennom å kombinera «method of agreement» og «method of difference», korleis variablar på ulike nivå forklarar kvifor England, Frankrike, USA og India gjekk i demokratisk lei, medan Japan, Kina, og Tyskland utvikla seg til diktatur. Den sentrale forklaringsvariabelen var tilhøvet mellom styrken til borgarskapen og den jordeigande klassen oppsummert i frasa «No bourgeoisie, no democracy».¹⁶ For det andre, gjennom ein kombinasjon av forklarande idealtypar og empirisk etterrøking la Moore grunnlaget for samanlikning på eit moderat abstraksjonsnivå.

Og det var nettopp spørsmålet om abstraksjonsnivå som stod sentralt i den metodiske diskusjonen på 1960-talet, reflektert i typologiar over komparative tilnærmingar basert på abstraksjonsnivå. Eisenstadt er kanskje det beste dømet her, då abstraksjonsnivå – eller generaliseringsgrad – var det einaste kriteriet nytta for å kategorisera samanlikningar.¹⁷ I så måte er det interessant å kasta eit blick på typologien Theda Skocpol og Margaret Somers sette fram i 1980, sidan denne på mange måtar har absorbert at historisk-sosiologisk jamføring ikkje er eitt einskapleg fenomen som berre varierar i høve til abstraksjonsgrad. Tvert om, i følgje Skocpol og Somers finst tre distinkte «logikkar» i komparativ historie: komparativ historie som makrokausal analyse, komparativ historie som stadfesting av teori og komparativ historie som kontrasterande.¹⁸ I 1984 sette Charles Tilly fram ein annan mykje diskutert typologi: den individualiserande, den universaliserande, den variasjonssøkande og den overgripande samanlikninga.¹⁹ Frå antropologisk hald differensierte Ladislav

14. S.W. Lipset, *The First New Nation. The United States in Historical and Comparative Perspective*, London 1964.

15. S.N. Eisenstadt, *The Political Systems of Empires*, New York 1963.

16. B. Moore, *Social Origins of Dictatorship and Democracy. Lords and Peasant in the Making of the Modern World*, Boston 1966: 418.

17. S.N. Eisenstadt (red.), *Comparative Perspectives on Social Change*, Boston 1968.

18. T. Skocpol og M. Somers, The Uses of Comparative History in Macrosocial Inquiry, i *Comparative Studies in Society and History*, 22, 1980: 175.

19. C. Tilly, *Big Structures, Large Processes, Huge Comparisons*, New York 1984. Sjå også det empiriske arbeidet som la grunnlaget for Tilly sine teoretiske refleksjonar kring komparasjon, C. Tilly, L. Tilly og R. Tilly, *The Rebellious Century 1830–1930*, Cambr., Mass. 1975.

Holy i 1987 mellom samanlikningar som etablerer funksjonelle korrelasjonar, krysskulturelle deskriptive samanlikningar og intrakulturelle samanlikningar.²⁰ Den mest diskuterte typologien sett fram av ein historikar er nok den presentert av Hartmut Kaelble. Ut ifrå føremålet med undersøkinga talar Kaelble om fire typar jamføringar, nemleg den analytiske, den opplyssande og dømmende, den forståande og den identitetsskapande samanlikninga. Den analytiske typen til Kaelble rommar alle typane til Skocpol og Somers samt dei til Tilly, og vektlegg såleis meir dei normative føremåla ved metoden.²¹

Det finst naturlegvis fleire typologiar, men dei fleste er variantar av dei ovannemnde og tilfører såleis lite nytt.²² Poenget her er heller ikkje å ramsa opp typologiar, men meir å understreka den store variasjonen i det som er kalla den komparative metoden. Denne variasjonen finn me ikkje berre mellom ulike disiplinær – slik som mellom samfunnsvitskapen og historie som i dette høvet – men også innanfor kvar einskild disiplin.²³

ABSTRAKSJONSNIVÅ, UNDERSØKINGSEININGAR OG TYPAR AV SAMANLIKNING

Frå dette historiografiske oversynet er det nærliggjande å spørja om det i det heile teke er mogeleg å driva med komparasjon på ein slik måte som sameiner det beste frå historisk-sosiologisk komparativ makrohistorie med den vekta på den historiske konteksten og det individuelle som kjenneteiknar den historiske tilnærminga. Om svaret er ja, vert naturleg nok oppfølgingsspørsmålet kvifor historikarar jamt over ikkje har nytta seg av denne typen jamføring. Formulert noko annleis: kva kjenneteiknar historikarar sitt tilhøve til jamføring?

20. L. Holy, Introduction, i L. Holy (red.), *Comparative Anthropology*, Oxford 1987: 9–12.

21. Kaelble, *Der historische Vergleich*. Gjennom den opplyssande og dømmende samanlikninga vert ei positiv og ei negativ samfunnsutvikling jamført slik at det skal vera mogeleg å forklara kvifor det gjekk galt i siste instans. Den forståande samanlikninga, på si side, aukar forståinga av det «annleise» ved dei samfunna som er samanlikna. For ei drøfting av Kaelble sin typologi, sjå F. Sejersted, Sammenligning er ikke bare sammenligning, i F. Sejersted (red.), *Sannhet med modifikasjoner*, Oslo 2003: 97–110.

22. Sjå til dømes typologien sett fram av Morner, de Vinuela og French, *Comparative Approaches to Latin American History*, 61: (1) årsaksforklaring med utgangspunkt i teori; (2) «komparativ deskripsjon» med eit reint empirisk siktemål; (3) samanlikning der teori er retningsgjevande for dei empiriske observasjonane ved å setje fram den fortolkande ramma. Sjå også A.A. Van den Braembussche, *Historical Explanation and Comparative Method: Towards a Theory of the History of Society*, i *History and Theory*, 28, 1989: 15–24, som differensierer mellom «generaliserande», «makrokausale» og «inklusive» formar for samanlikning.

23. I følgje Hammel, *The Comparative Method in Anthropological Perspective*, 151 har bruka av komparasjon innanfor antropologien leia til få historiske generaliseringar gjennomført på ein konsistent måte. For skandinaviske perspektiv på sosialantropologi og den komparative metode, sjå G. Berge, Sammenligning i ulike retningar av antropologien, i *Norsk antropologisk tidsskrift*, 1, 1992: 6–21; J.C. Meyer, *Socialantropologi og komparativ metode*, i Jon W. Iddeng (red.), *Ad fontes. Antikkvitenskap, kildebehandling og metode*, Oslo 2000: 229–244.

Heilt grunnleggjande er historikarar skeptiske til jamføring grunna abstraksjonsnivået som ofte er kravd for å gjennomføra ei komparativ undersøking. Knappt nokon – verken sosiologar eller historikarar²⁴ – hentar lenger metodisk inspirasjon frå Eisenstadt sitt komparative arbeid med sivilisasjonar då det skyhøge abstraksjonsnivået gjer at ein overser ei rekkje strukturar, prosessar og hendingar sentrale for å forstå vekst og fall til imperium.²⁵ Heller ikkje Stein Rokkan sitt langt meir empirisk funderte, men likevel abstrakte *conceptual map of Europe* har mange tilhengjarar i dag.²⁶ Som me såg, skal Moore ha ein del av æra for å ha synt føremonene ved ein jamførande tilnærming som opererer på eit moderat abstraksjonsnivå. Tendensen i dei siste tretti åra har såleis vore å balansera deduktive makrokausale jamføringar med empirisk etterrøking av resultatata. Jack Goldstone kan stå som ein døme på ei slik tilnærming, all den tid store mengder empiri er nytta for å hevda at revolusjonar vanlegvis oppstår når staten møter på tre vanskar samstundes: økonomisk krise, elitekonfliktar og mobilisering av breiare lag av folket til handling.²⁷

Innan historiefaget er den same tendensen synleg; rett nok finst det ikkje eitt referanseverk på line med Moore si analyse av «vegar til demokrati og diktatur», men fleirtalet av komparasjonar gjennomførte av historikarar i dei siste tiåra opererer på eit moderat abstraksjonsnivå.²⁸ Det er såleis symptomatisk at Ida Blom som representant for kjønns historie – ei av retningane innan historiefaget som oftast har nytta jamføring – åttvarar mot transkulturelle komparasjonar nettopp fordi abstraksjonsnivået er for høgt.²⁹

Diskusjonen kring abstraksjonsnivå er nær knytt saman med spørsmålet om talet på undersøkingseiningar. Medan samfunnsvitarane ikkje

24. I følge C. Tilly, Means and Ends of Comparison in Macrosociology, i *Comparative Social Research*, 16, 1997: 43–53 er såkalla «big case comparison» hefta med følgjande problem: «(1) ontological inadequacy, (2) disintegration of state systems, and (3) relational, historicist, and institutional thinking.»

25. Eisenstadt, *The Political Systems of Empires*.

26. S. Rokkan, Dimensjoner ved statsdannelse og nasjonsbygging: Et mulig paradigme for utforskning av variasjoner i Europa, i S. Rokkan, *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*, Oslo 1987: 347–380.

27. J.A. Goldstone, *Revolution and Rebellion in the Early Modern World*, Berkeley 1991: xxiii.

28. Sjå til dømes Grew, The Case for Comparing Histories, 773; Morner, de Vinuela og French, Comparative Approaches to Latin American History, 62; J. Breilly, *Labour and Liberalism in Nineteenth-Century Europe. Essays in comparative History*. Manchester 1994: 23; P. Baldwin, Comparing and Generalizing: Why all History is Comparative, yet no History is sociology, i Cohen og O'Connor, *Comparison and History*, 1–22.

29. I. Blom, Gender and Nation in International Comparison, i I. Blom, K. Hagemann og C. Hall (red.), *Gendered Nations. Nationalism and Gender Order in the Long Nineteenth Century*, Oxford 2000: 5–7.

har vore redde for å innlemma tre eller fleire einingar, er det sjeldan at historikarar involverer fleire enn to. På eit fundamentalt nivå har dette å gjera med respekten for det unike og det individuelle; ved å halda talet på einingar nede, vil ein lettare vera i stand til å samanlikna utan å øva vald mot den kompleksiteten som kjenneteiknar historiske fenomen. Frå ei anna side står skepsisen til høgt abstraksjonsnivå samt preferansen for få einingar i samband med bruken av synkron samanlikning på kostnad av diakron.³⁰ Ei synkron samanlikning er i langt dei fleste høva lettare å gjennomføra utan å redusera den empiriske kompleksiteten. No kan det vera store skilnader mellom den historiske konteksten til dei jamførande einingane også innanfor ei synkron ramme. Likevel er det enklare å operasjonalisera variablar når einingane ligg parallelt på ein tidsakse enn om dei er skilde i tid – sjølv om dei er innanfor den same geografiske/historiske konteksten.

Frå det som er sagt så langt kjem det knapt overraskande at historikarar er meir opptekne av kontrastar enn av likskap når dei samanliknar. Då utgangspunktet er moderat abstraksjonsnivå, få samanlikningseiningar og synkron jamføring, seier det seg nesten sjølv at det er meir fruktbart å leita etter ulikskapar enn likskapar. Merksemda kring det individuelle gjer det såleis meir interessant å sjå etter kva som skil einingane. Kopla med at talet på undersøkingseiningar i dei fleste høva er for lågt til å generalisera kring likskapar, er dette ei andre årsak til kvifor «method of difference» er mest nytta. Fokuset på det synkrone medverkar truleg også; i ei diakron jamføring kan det vera høgst fruktbart å sjå på likskapar sjølv om ein opererer med få einingar, då det seier noko om stabiliteten til historiske fenomen. Når tilnærminga er synkron og talet på samanlikningseiningar avgrensa, er det derimot mindre å henta på å granska likskapar – både med omsyn til deskriptive og forklarande målsetjingar.

FINST DET EIN JAMFØRANDE METODE?

Eit anna kjernepunkt i diskusjonen kring komparasjon dreier seg om metode. Allereie på slutten av 1960-talet avviste antropologen Edmund Leach og sosiologen Samuel Eisenstadt at det fanst ein spesifikk komparativ metode.³¹ Seinare har Fredrik Barth hevda det same frå antropolo-

30. «To have a context-sensitive comparison one must take a much shorter timespan» (Breuilly, *Labour and Liberalism*, 18).

31. E. Leach, *Anthropology: Comparative Method*, i D. Sills (red.), *International Encyclopedia for the Social Sciences*, vol. 1, New York 1968: 339–345; S.N. Eisenstadt, *Social Institutions: Comparative Study*, i D. Sills (red.), *International Encyclopedia for the Social Sciences*, vol. 14, New York 1968: 421–428.

gisk hald,³² medan Andrew Abbot har peika på den metodiske ambivalensen innan den historiske sosiologien.³³ Frå historisk hald har delar av diskusjonen teke utgangspunkt i ein klassisk artikkel av Marc Bloch. Bloch konkluderte med at komparasjon har tre funksjonar, nemleg å testa årsakshypotesar, å oppdaga det unike ved ulike samfunn og å formulera problem for vidare forskning.³⁴ William H. Sewell kritiserte derest Bloch for at han ikkje definerer grensene for jamføringseiningane ut over å avgrensa bruken av samanlikning til jamføring mellom nasjonar og statar.³⁵ Vidare hevda Sewell at ei av Bloch sine avgrensingar – at jamføring berre er mogeleg mellom samfunn som er geografiske naboar og er samtidige – ikkje er haldbar. I følgje Sewell kan den komparative metoden bli nytta av alle som er interesserte i å forklara fenomen som oppstår i to eller fleire sosiale system, med det resultat at ulike komparative rammerverk høver for ulike problem.³⁶ Ei slik utviding av feltet for komparasjon står i samband med Sewell si overtyding om at den komparative metoden fyrst og fremst er ein metode for å testa årsakshypotesar.³⁷ Den følgjande diskusjonen dreidde seg om bruken av lingvistiske metodar i komparativ historie,³⁸ og det generelle inntrykket er at Sewell er for trongsynt når han reduserar samanlikning til ein «logikk» – den som fokuserer på testing av årsakshypotesar.³⁹

I forlenginga av diskusjonen har andre sett fram krav til jamførings-einingane, fyrst og fremst ved å insistera på at dei bør veljast i ljøs av føremålet med undersøkinga og ved å understreka at einingane bør vera

32. F. Barth, *Cosmologies in the Making. A Generative Approach to Cultural Variation in Inner New Guinea*. Cambridge 1987: 10.

33. A. Abbott, The Lost Synthesis, i E.H. Monkkonen (red.), *The Uses of History Across the Social Sciences*. Durham 1994: 101–103.

34. M. Bloch, Toward a Comparative History of European Societies, i F.C. Lane og J.C. Riemersma (red.), *Enterprise and Secular Change. Readings in Economic History*, London 1953: 494–521.

35. W.H. Sewell, Marc Bloch and the Logic of Comparative History, i *History and Theory*, 6, 1967: 211–212.

36. «... within any given historical study, different comparative frameworks will be appropriate for different problems» (Sewell, Marc Bloch, 214).

37. Sewell, Marc Bloch, 217: «The comparative method is a method, a set of rules which can be methodically and systematically applied in gathering and using evidence to test explanatory hypotheses. It does not supply us with explanations to be subjected to test: this is a task for the historical imagination.»

38. For desse innspela, sjå A.O. Hill og B.H. Hill, jr., [Marc Bloch and Comparative History]: Reply. *The American Historical Review*, 85, 1980: 854–857; W.H. Sewell Jr. og S.L. Thrupp, [Marc Bloch and Comparative History]: Comments, i *The American Historical Review*, 85, 1980: 847–853; L.D. Walker, A Note on Historical Linguistics and Marc Bloch's Comparative Method, i *History and Theory*, 19, 1980: 154–164.

39. Sjå til dømes kritikken frå Van den Braembussche, Historical Explanation and Comparative Method, 12.

representative for den historiske konteksten dei stammar frå.⁴⁰ Atter andre, til dømes komparativisten Raymond Grew, forfektar ein metodisk relativisme: kvantitative, induktive og deduktive tilnærmingar, formelle modellar og behaviorisme så vel som evolusjonsteori kan alle nyttast som metodiske utgangspunkt for samanlikning.⁴¹ Det finst ikkje *ein* korrekt måte å utføra jamføring på, all den tid det må vera føremålet med undersøkinga som er rettleiande for kva tilnærming som vert nytta. Såleis, når Skocpol jamførar revolusjonane i Frankrike i 1789, Russland i 1917 og Kina i 1921, er det med målsetjing om å gjennomføra ein makrokausal analyse.⁴² Når Svein Ivar Angell og Francis Sejersted samanliknar moderniseringsstrategiar i Noreg og Sverige på 1900-talet, er intensjonen knapt å gjennomføra ein makrokausal analyse, men meir å forklara ulikskapar i moderniseringsstrategiane gjennom synkron samanlikning.⁴³

Mest alle innvendingane frå historisk hald mot jamføring har, som me har sett, ei metodisk slagside som i praksis avgrensar komparasjon til å operera på eitt undersøkingsnivå – mellomnivået – i ei kjeldebasert synkron gransking som ikkje tillet meir enn to einingar. Dette er ei vel snever oppfatning som tek vekk noko av potensialet i metoden. Spørsmålet vert då korleis ein skal gå fram i ei kjeldebasert gransking som tillet meir enn to einingar og som også kan vera diakron. Eitt svar har understreka verdien av å kombinera granskningar av strukturar og prosessar med ein rekonstruksjon av den historiske erfaringa og åtferda til aktøren eller grupper av aktørar. I praksis vert ein ikkje klokare av dette; mykje av diskusjonen kring komparasjon er kjenneteikna av mange postulat, men langt færre konkrete råd om korleis ein kan koma denne struktur-aktør problematikken til livs. Peter Baldwin, til dømes, forsvarar komparativ historie som avstår frå generalisering og held seg på eit moderat nivå, men seier verken noko om utfordringane ved ei slik tilnærming eller korleis ein i praksis skal gå fram for å gjennomføra samanlikninga.⁴⁴ Eit anna forslag, som særleg

40. «(a) the units of comparison must be chosen to serve the objectives of the study; (b) they should be representative of the universe about which generalizations will be made; and (c) their significance in relation to their respective contexts must be similar or, at the last, made explicit and evaluated within the framework of analysis» (Mörner, de Vinuela og French, *Comparative Approaches to Latin American History*, 59).

41. Grew, *The Case for Comparing Histories*, 777.

42. T. Skocpol, *States and Social Revolutions. A Comparative Analysis of France, Russia, and China*, Cambridge 1979.

43. S.I. Angell, *Den svenske modellen og det norske systemet. Tilhøvet mellom modernisering og identitetsdanning i Sverige og Noreg ved overgangen til det 20. hundreåret*, Oslo 2002; F. Sejersted, *Sosialdemokratiets tidsalder. Norge og Sverige i det 20. århundre*, Oslo 2005.

44. Baldwin, *Comparing and Generalizing*, i Cohen og O'Connor, *Comparison and History*, 11.

har vore oppe i den amerikanske diskusjonen,⁴⁵ er å fokusera på institusjonar. Ikkje berre ligg institusjonar vanlegvis på eit mellomnivå – eller mesonivå – i den sosiale strukturen. I tillegg er institusjonar også eit dynamisk innslag i samfunnsstrukturen, då endringsprosessar vert kanaliserte og justerte gjennom institusjonar på lokalt så vel som sentralt nivå.

Utfordringa, i ljøs av desse råda om å arbeida på mesonivå med ei vekt på institusjonar, er å integrera mikro- og makronivået. Mitt eige arbeid om debattkulturar i perioden 800–1300, som nyttar fem variablar på ulike nivå for å handsama fire einingar over ein periode på 500 år, kan kanskje tena som illustrasjon. Med utgangspunkt i standardverket innan ålmentehistorie, Jürgen Habermas sin *Strukturwandel der Öffentlichkeit* (1962) samt den etterfølgjande diskusjonen,⁴⁶ vart to strukturelle makrovariablar sett på som særleg viktige, nemleg grad av statsdanning (i mellomalderen vil dette også inkludera kyrkja) og storleiken og kompleksiteten til den kommunikative infrastrukturen. Denne variabelen omfattar faktorar slik som utbreiinga av lese- og skrivekunne samt tal og type av institusjonar som formidlar informasjon og som såleis legg grunnlaget for eit offentleg ordskifte. Det bør også nemnast at desse to makrovariablane er del av ein meir omfattande presentasjon av den politiske saga i dei respektive einingane, for dermed å oppfylle kravet om å ta den historiske konteksten alvorleg. Mesonivået er representert av dei to variablane «deltakarar» og «publikum», då endringar i samansetjinga av «folkeopinionen» – eller noko anakronistisk, det sivile samfunnet – er fundamentalt for å forklara endringar som fyrst vert synlege gjennom ei mikroanalyse – eller rettare sagt, ei tekstanalyse – av sjølve den offentlege debatten. På dette mikronivået rettar «diskurs» merksemda mot i kva grad diskusjonen var ført i ei ånd der «argumentet tel» eller om den meir sokna til demonstrativ påvisning av ei endeleg sanning gjennom bruk av autoritetar.

Gjennom å operasjonalisera variablar på tre nivå er det mogeleg å dra nytte av den historisk-sosiologiske tilnærminga til ålmenta og den vekta som her er retta mot strukturelle faktorar. Habermas, til dømes, hevdar at etableringa av staten i Weber si tyding, samt oppfinninga av prentepressa og med dette ein større kommunikativ infrastruktur, er føresetnader for den borgarlege ålmenta slik den veks fram på 1600-talet. Med utgangs-

45. Grew, *The Case for Comparing Histories*, 765.

46. J. Habermas, *Strukturwandel der Öffentlichkeit. Untersuchungen zu einer Kategorie der bürgerlichen Gesellschaft*, Luchterhand 1969. Litteraturen kring *Strukturwandel* er omfattande. For den beste diskusjonen, sjå bidrag i C. Calhoun (red.), *Habermas and the Public Sphere*, Cambr., Mass. 1992.

punkt i dette var det av interesse å få klarleik i kva grad av statsdanning som er naudsynt for at det skal gje meining å tala om offentleg debatt. Sameleis førte Habermas si vekt på prent til at undersøkinga mi granska høva for offentleg debatt i ein manuskriptkultur. Sjølv om framstillinga av makrovariablane delvis er tufta på empiriske granskingar, er det fyrst og fremst på meso- og mikronivået at historiske undersøkingar kjem på banen for alvor. Bandet mellom makro- og mikronivået er såleis oppretthalde ved at spørsmålet om omfanget og typen av deltakarar og publikum konkretiserer sider ved strukturvariablane i ljøs av problemstillinga.

Til dømes, medan den avgrensa lese- og skrivekunna på latin under Investiturstriden på 1000-talet avgrensa deltakarane så vel som publikum i debatten til lag av geistlege, fører skriftleggjeringa av samfunnet i tida fram til Baronopprøret på 1200-talet til at morsmål har kome i bruk, og med dette er deltakarar så vel som publikum utvida til også å omfatte lekfolk. Men det er ikkje berre makrovariabelen «kommunikativ infrastruktur» som har forklaringskraft; i samanlikninga mellom Investiturstriden og Baronopprøret er det også eit poeng at medan ein strid mellom den verdslege og den religiøse makta la grunnlaget for den offentlege debatten under Investiturstriden, er det krav frå den langt meir sentraliserte administrative staten som på 1200-talet fører til mobiliseringa av eit byrjande sivilt samfunn gjennom offentleg debatt.

Den viktigaste delen av undersøkinga er likevel sjølve debattkulturen og med dette ei gransking av dei skriftlege bidraga til partane med omsyn til argumentasjonsmåtar. Utgangspunktet er også her moderne former for offentleg debatt som i si idealtypiske form er karakterisert av at «argumentet tel» og såleis bør vera utslagsgjevande. Spørsmålet vert då kva som kjenneteikna offentleg debatt i mellomalderen – ein periode som var autoritetstru og vanlegvis føretrakk å demonstrera «sanninga» gjennom å syna til autoritetar, til dømes Bibelen, framfor å lite på eigne argument. Konklusjonen til denne diskursanalysen – som understrekar det store mangfaldet av debattkulturar – er freista forklart ved å dra inn variablane på meso- og makronivå og dermed redusera abstraksjonsnivået til undersøkinga.

Offentleg debatt i mellomalderen: undersøkingseiningar og variablar

		<i>Karolingar-debattane</i> (c. 790–865)	<i>Investiturstriden</i> (c. 1130–1122)	<i>Becketstriden</i> (c. 1160–1170)	<i>Baronoppøret</i> (c. 1258–1265)
<i>Makro-nivå</i>	Grad av statsdanning	Ikkje-sentralisert stat	Byrjande territorialstat	Territorialstat	Administrativ stat
	Kommunikativ infrastruktur	Avgrensa lese- og skrivekunne (latin)	Avgrensa lese- og skrivekunne (latin)	Veksande lese- og skrivekunne (latin)	Utvikla lese- og skrivekunne (latin + morsmål)
<i>Meso-nivå</i>	Deltakarar	Geistlege	Geistlege	Geistlege (og lekmenn)	Geistlege og lekmenn
	Publikum	Geistlege	Geistlege	Geistlege (og lekmenn)	Geistlege og lekmenn
<i>Mikro-nivå</i>	Diskurs	Demonstrativ	Argumentativ	Demonstrativ	Demonstrativ

SAMANLIKNING OG BRUK AV PRIMÆRKJELDER

Saman med spørsmålet om abstraksjonsnivå er det utfordringar i høve til primærkjelder som fyrst og fremst har vorte via merksemd i diskusjonar om systematisk komparasjon. På eit nivå heng preferansen for å arbeida med primærkjelder saman med den historiske metoden og såleis også med vekta på det individuelle.⁴⁷ Allereie Bloch understreka at jamføring må baserast på granskingar som er detaljerte, kritiske og godt dokumenterte.⁴⁸ Vidare har metodiske diskusjonar mellom historikarar og historiske sosiologar dei siste tiåra ofte fokusert på skilnaden mellom historikaren sin hovudsakleg induktive og kjeldebaserte tilnærming og den historiske sosiologien sin meir deduktive metode, gjerne tufta på sekundærlitteratur. Med få unntak er dei omfattande historisk-sosiologiske komparative undersøkingane frå 1960 og 1970-talet baserte på sekundærlitterære framstillingar av empirien. Frå ei side har såleis historiske sosiologar eit enklare arbeid, sidan dei slepp det omfattande arbeidet som ligg i å tufta jamføringa på systematisk kjeldegransking. Likevel er ikkje dette uproblematisk, og historiske sosiologar er gradvis vorte meir medvitne om utfordringane som ligg i arbeida med andre sine tolkingar av eit kjeldemateriale.⁴⁹

47. I omtalen av komparative arbeid gjort på latinamerikansk historie, understrekar Morner, de Vinuela og French, *Comparative Approaches to Latin American History*, 71 at historikarar generelt er skeptiske til samanlikningar som berre delvis er tufta på primærkjelder og oppfordrar såleis til samarbeid mellom ekspertar frå ulike områder.

48. Bloch, *Toward a Comparative History*, 518.

49. For ei framstilling av diskusjonen, sjå L. Melve, Ein «reflektert historiefagleg identitet»? Tankar om tilhøvet mellom historie og sosiologi før og etter den språklege vendinga, i *Historisk tidsskrift*, 81, 2002: 443–489.

For den komparative historikaren er nok utfordringar knytt til arbeid med primærkjelder ein viktig grunn til at synkron samanlikning med få jamførande einingar vanlegvis er nytta. Det er trass alt enklare, og i alle høve langt mindre arbeidskrevjande, å fokusera på få einingar nær i tid (og rom).

Det kan vanskeleg nektast for at utfordringane i høve til kjelder er mange og omfattande. For det fyrste har ein spørsmålet om einingane kan samanliknast.⁵⁰ Rett nok bør dette spørsmålet stillast allereie i den innleiande fasen når ein vel einingar. Men sjølv om einingane på eitt nivå er funne å vera samanliknbare, tyder ikkje dette at dei faktisk kan jamførast om målsetjinga er å arbeida med primærkjelder. Eit generelt problem, uavhengig av historisk periode, er at det ikkje er sikkert at dei tilgjengelege kjeldene for kvar undersøkingseining gjer samanlikninga moglege. Med andre ord, dei tilgjengelege kjeldene svarar ikkje på dei spørsmåla som ligg til grunn for den komparative undersøkinga. Medan utfordringar med å finna kjelder som kan kasta ljøs over samtlege jamføringseiningar gjeld for alle samanliknande undersøkingar, møter komparativistar som syslar med eldre historie problemet med eit langt mindre kjeldeomfang. Spørsmålet vert då om ikkje asymmetriske samanlikningar er eit alternativ. Med utgangspunkt i ei analyse av historiografien kring *Sonderweg*-debatten, svarar Jürgen Kocka ja på dette spørsmålet – så lenge ein unngår overflatiske og forvirrande jamføringar. Om ein spør kva metodiske råd Kocka gjev for å unngå slike resultat vert han svar skuldig, ut over å understreka at mykje intellektuell energi bør leggjast ned i valet av undersøkingsobjekt.⁵¹

I mi undersøking var det innleiingsvis eit poeng å velja einingar som var representative for den offentlege debatten i ein gjeven periode. Med utgangspunkt i sekundærlitterær kjennskap til perioden 800–1300 vart fem einingar valde ut. Kronologisk spreining var her det mest sentrale, sjølv om også geografi talde med. Resultatet vart undersøkingseiningar frå Karolingarperioden, frå det tysk-romerske riket på 1000-talet og frå England på 1100- og 1200-talet. Neste steget var å få oversikt om dei aktuelle einingane ville gje meining å samanlikna ut ifrå kjeldetilfanget. I mitt høve var det ei særleg utfordring å finna offentlege debattar som både hadde tilstrekkeleg med samtidige dokument og der desse var relativt likt fordelte mellom partane i debatten. Dette synte seg umogeleg, og i to av einingane er det asymmetri når det gjeld kjeldene sin representa-

50. Breuilly, *Labour and Liberalism*, 2: «... one must be comparing cases which can meaningfully be analysed using the same methods.»

51. J. Kocka, *Asymmetrical Historical Comparison: The Case of the German Sonderweg*, i *History and Theory*, 38, 1999: 49.

tivitet. I debatten om kristologiske tema på 790-talet er den eine sida sitt viktigaste innslag i debatten tapt, og ein står att med utdrag frå denne kjelda i eit dokument frå motparten. Fleire hundre år fram i tid, til den offentlege debatten i kjølvatnet av baronopprøret i England frå 1258 til 1265, finst det ikkje kjelder som formidlar folkeopinionen sine innspel i diskusjonen. Ei andre utfordring låg i skilnaden i kjeldeomfang; problem oppstår når det finst nokon og tjue kjelder frå debatten på 790-talet og nærare 1000 dokument frå Becketstriden i England midt på 1100-talet.

Poenget er at om ein er for streng i vurderinga av kjeldetilfanget, vil det vera umogeleg å gjennomføra systematiske samanlikningar.⁵² Ein relativ symmetri er såleis eit fornuftig heuristisk ideal. Vidare er det langt meir konstruktivt å snu problemstillinga på hovudet og heller konsentrera seg om korleis den komparative tilnærminga i somme høve kan bøta på ein manglande absolutt symmetri i kjeldetilfanget. Ein av føremonene ved bruk av komparasjon er jo nettopp at den kan vera rettleiande i høve til korleis ein empiri skal handsamast. John Breuilly har såleis rett når han hevdar at komparativ historie er det næraste historikaren kjem den eksperimentelle metoden.⁵³

Å tenkja komparativt leia også til nye spørsmål. Særleg to var av stor interesse. Eitt krinsa kring eit av dei karakteristiske trekka til offentleg debatt i mellomalderen, nemleg at debattar oppstår i kjølvatnet av strid og kontrovers og tek slutt når striden er over. Denne konfliktløysande rolla til offentleg debatt leia til ytterlegare refleksjonar over kva typer konfliktar som fører til offentleg ordskifte og derifrå til ei betre forståing av konfliktstrukturar. Eit andre spørsmål avleia frå den komparative tilnærminga dreidde seg om rolla til den individuelle bidragsytaren. I ein kultur som ikkje er kjend for å dyrka individualitet var det noko uventa å konstatera at individuelle bidrag i ein stor grad kompenserer for vantande institusjonelle strukturar; særleg i dei tidlegaste debattane synte det seg at individuelle bidragsytarar hadde ei sentral rolle når det gjaldt å oppretthalda «logikken» til debatten – med andre ord, det at debatten rettferdiggjjer seg sjølv gjennom rolla den har i konfliktløysing.

52. K. Kjeldstadli, Nyttan av å sammenlikne, i *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 29, 1988: 440 er inne på det same når han hevdar at «[i] praksis vil en sjelden kunne velge to faktisk eksisterende studieobjekter som oppfyller helt strenge krav for komparasjon.»

53. Breuilly, *Labour and liberalism*, 3. Sjå også Bloch, *Toward a Comparative History*, 498, som peikar på korleis komparativ gransking hjelper historikaren til å førebu utgangsspørsmåla for undersøkinga.

HISTORIOGRAFI OG DET NASJONALE ELEMENTET

Prosessen frå den fyrste tentative utveljinga av undersøkingseiningar til ferdig analyse er arbeidskrevjande og tidvis frustrerande. Attåt momentet med kjelder og kjeldetilfang, er arbeidet med historiografien knytt til dei ulike einingane alt anna enn enkel. Reint praktisk kan det peikast på det enorme meirarbeidet som ligg i å setja seg inn i fleire einingar, særleg om desse ligg langt frå kvarandre i tid. I tillegg kjem utfordringa med språkproblem – dersom einingane er frå ulike nasjonale kontekstar. Diskusjonar kring den komparative metoden har vidare fokusert på kor problematisk det kan vera å ferdast i forskjellige historiografiske tradisjonar. Det er til dømes ikkje sikkert at det som står sentralt i ein tradisjon og som kanskje er bakgrunnen for det komparative prosjektet er handsama på same måten i andre tradisjonar. Rett nok overdriv Bloch når han slår fast at ulike historiografiske skular nesten aldri stiller dei same spørsmåla.⁵⁴ Likevel er det vanskeleg å koma utanom at historieskrivinga i Europa er prega av nasjonale tradisjonar, sjølv om det nasjonale innslaget naturleg nok varierar med omsyn til tematikk og periode.⁵⁵

I mitt arbeid vart dette særst tydeleg; sjølv om offentleg debatt som eit historisk fenomen gjerne er knytt til det kritiske ordsiftet i kaffihusa i London og salongane i Frankrike på 1600-talet, har mykje av den faglege diskusjonen kring temaet eit tysk opphav gjennom Habermas sin *Strukturwandel der Öffentlichkeit*. Men det var fyrst etter at verket vart omsett til engelsk i 1989 at dei tre historiografiske tradisjonane relevante i min samanheng – nemleg England, Frankrike og Tyskland – fekk eit sams referansepunkt i dette arbeidet. Når det gjeld forskning kring offentleg debatt i mellomalderen er stoda endå meir problematisk; ikkje berre er det særst lite om temaet, uavhengig av historiografisk tradisjon. I tillegg er dei få arbeida som finst verken komparative eller har ei sams referanseramme. Til dømes kjem den engelske historiografien sin insulære karakter til uttrykk ved at det nesten utelukkande er fokus på parlamentet når offentleg ordsifte i mellomalderen er temaet.⁵⁶

Det kan vera vanskeleg å sjå korleis denne stoda kan utbetrast på kort sikt; det er jo ikkje slik at historiografiske tradisjonar endrar seg over

54. Bloch, *Toward a Comparative History*, 507, 520. Dette problemet står i sin tur i samband med vanskane «pseudo-likskapar» tufta på bruk av homonym skapar.

55. S. Berger, M. Donovan og K. Passmore, Apologias for the Nation-State in Western Europe since 1800, i S. Berger, M. Donovan og K. Passmore (red.), *Writing National Histories. Western Europe since 1800*, London 1999: 5–12 understrekar at «europeiseringa» av historieskrivinga etter andre verdskrig berre delvis har underminert rolla til staten og nasjonen.

56. For dome frå eldre forskning, sjå F.T. Tout, *The English Parliament and Public Opinion*, 1376–1388, i *The Collected Papers of Thomas Frederick Tout*, Vol. II, Manchester 1934: 171–190.

natta. I tillegg er det ikkje sikkert at nye generasjonar historikarar med eitt byrjar å tenkja i komparative banar. Tvert om, det er, som me har sett, ein heller liten del av historiske arbeid som er systematisk komparative. Når dette er sagt, har det som er kalla komparativ historiografi⁵⁷ gjort det enklare med omsyn til skilnader i historiografiske tradisjonar; gjennom å lausriva historiografiske analyser frå den nasjonale ramma,⁵⁸ vil ein lettare kunne identifisera likskapar og ulikskapar i handsaminga av eit geve fenomen, på omgrepsnivået så vel som på det tematiske planet.

Utfordringar ved å nytta staten som utgangspunkt for jamføringa er eit andre moment som har vorte diskutert i samband med det nasjonale innslaget i komparative undersøkingar. Frå ei side har det vorte understreka at nasjonalstaten som utgangspunkt lett leiar til asymmetriske jamføringar, sidan einingar frå historikaren sin eigen nasjonale kontekst vert utgangspunktet for samanlikninga.⁵⁹ Komparativisten bør ideelt sett syna den same interessa for alle einingane, samt starta jamføringa med generelle spørsmål. I dei fleste høva er dette lettare sagt enn gjort, delvis på grunn av dei utfordringane me har vore inne på i høve kjelder og historiografi, og delvis fordi dette fordrar å setja seg til utanfor eins primære forståingshorisont. Spørsmålet er såleis ikkje berre om dette er å krevja for mykje, men også om denne ramma nødvendigvis leiar til dårleg komparativt handverk. Det har til dømes vorte understreka at rørsla frå den «avpolitiserde» sosialhistoria til å sjå på staten som å ha eit «eige liv» gjer ei nasjonal forankring av jamføring

57. Sjå Fuchs 2002. Sjå også kategoriseringa av historiografi av C. Lorenz, *Comparative Historiography: Problems and Perspectives*, i *History and Theory*, 38, 1999: 25–39. For døme på komparativ historiografi, sjå G.G. Iggers, *Historiography in the Twentieth Century. From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*, Hanover 1997; S. Conrad, *What Time is Japan? Problems of Comparative (Intercultural) Historiography*, i *History and Theory*, 38, 1999: 67–85; D. Levy, *The Future of the Past: Historiographical Disputes and Competing Memories in Germany and Israel*, i *History and Theory*, 38, 1999: 51–66.

58. J. Rüsen, *Some Theoretical Approaches to Intercultural Comparative Historiography*, i *History and Theory*, 35, 1996: 15 har føreslått somme punkt som rettleiande for ein komparativ historiografi: «Synchronic comparison should be done with respect to (a) types of cultural practice regarding historical narration, (b) types of historical sense or meaning, (c) conditions for historical consciousness, (d) the internal strategies and operations of historical consciousness, (e) topoi of historical sense, (f) forms of representation, media, and species of historiography, and (g) the various functions of historical orientation.» Sjå også I. Veit-Brause, *The Disciplining of History: Perspectives on a Configurational Analysis of Its Disciplinary History*, i R. Torstendahl og I. Veit-Brause (red.), *History-Making. The Intellectual and Social Formation of a Discipline*, Stockholm 1996: 7–29.

59. Breuilly, *Labour and liberalism*, 1: «Comparison which begins by regarding one particular case as the norm against which comparisons are made with other cases is flawed from the outset [...] First, they assume that the contrasting event to that referred to in the question is the norm; what they are considering is the exception [...] Second, they assume simple outcomes which can be compared.»

mindre problematisk.⁶⁰ Når det gjeld moderne historie er det jo også eit faktum at mindre einingar slik som ein by eller ein region er ein del av ei større nasjonal ramme.⁶¹ Mi eiga erfaring med å arbeida med «framande» historiske kontekstar gjev få haldepunkt for å hevda at ein slik objektiv ståstad er utslagsgjevande. I tillegg må det understrekast at det er ulemper med å stå utanfor den nasjonale historiske tradisjonen ein undersøker. Språkbarrierar er ein faktor, medan vanskar med å forstå kvifor somme spørsmål står sentralt i ein gjeven tradisjon (parlamentet i England) eller kvifor nokre tema har ei enorm sprengkraft (*Sonderweg*-spørsmålet i Tyskland) utgjer andre faktorar.

Det har også vorte peika på at samanlikningar som ser ut over staten utfordrar konvensjonell historisk visdom og dermed styrkar føremonene ved bruk av jamføring: nye spørsmål, klårare definisjon av historiske problem, auka medvit om kjelder og metodar, samt større fokus på teori og forklaring.⁶² Rådet er å dreia merksemda frå det nasjonale til det regionale eller lokale nivået.⁶³ Eit døme på kor fruktbart det kan vera å flytta blikket til eit regionalt nivå, finn me i James Given si jamføring av korleis dei meir eller mindre sjølvstendige regionane Gwynedd og Languedoc vart innlemma i større statsstrukturar – høvesvis England og Frankrike – i seinmellomalderen. Gjennom å systematisk jamføre to einingar synkront i ljøs av det han kallar «statsbygging utan ein stat», er Given ikkje berre i stand til å forklara skilnader mellom Gwynedd og Languedoc på eit regionalt nivå, men tilfører også ny kunnskap om ulike domineringsstrategiar i England og Frankrike.⁶⁴ Frå norsk hald har verdien av komparasjon i lokalhistoriske granskingar vorte understreka,⁶⁵ sjølv om utfordringane ved slike undersøkingar også her vert dratt fram.

Sjølv om langt frå alt dreier seg om staten, verken i mellomalderen eller i moderne tid, er det gode grunnar for ikkje å tapa dette rammeverket heilt av syne. Reint praktisk og i samband med utfordringar i samband med historiografi diskutert ovanfor er framleis storparten av historiske undersøkingar skrivne innan eit slikt perspektiv, og det vil såleis

60. Fredrickson, *From Exceptionalism to Variability*, 590.

61. J. Kocka, *Geschichte und Aufklärung*, Göttingen 1989, 25. Kocka understrekar også at historikaren vanlegvis skriv for eit nasjonalt publikum og såleis vanskeleg kjem utanom denne ramma.

62. R. Grew, *The Comparative Weakness of American History*, i *Journal of Interdisciplinary History*, 16, 1985: 97–99.

63. Breuille, *Labour and Liberalism*, 3, 20.

64. J. Given, *State and Society in Medieval Europe. Gwynedd and Languedoc under Outside Rule*, Ithaca 1990.

65. Sjå særleg bidraga til Hans Try, Lars Ivar Hansen og Ståle Dyrvik i M. Byrkjeland og A. Engesæter (red.), *Kvar i sin dal...? Komparasjon som metode i lokalhistoriske studiar*, Oslo 1989.

gjera arbeidet for komparativistar vanskelegare om denne litteraturen berre i liten grad kan nyttast. Ei kanskje viktigare innvending mot eit slikt antistatleg perspektiv er at det lett kan avgrensa det empiriske forskingsfeltet; staten i sine ulike framtoningar har vore, og er framleis, ein særers sentral organisatorisk storleik og truleg umogeleg å koma utanom i høve til ei rekkje problemstillingar. Til slutt bør det understrekast at statlege strukturar har hatt ei viktig rolle å spela i ei siste sentral side ved den komparative tilnærminga, nemleg historiske forklaringar.

KOMPARASJON OG FORKLARINGSPOTENSIALE

Sjølv om problematikken kring samanlikning og forklaringar har vorte diskutert ovanfor, fortener spørsmålet avslutningsvis ei noko grundigare handsaming. Når somme har hevda at det ikkje finst historieskriving som ikkje er, i alle fall implisitt, komparativ,⁶⁶ er det gjerne med tanke på rolla som jamføring har i historiske forklaringar. Sewell sine tankar om den komparative metoden var, som me har sett, tufta på ei overtyding om at jamføring stod sentralt i testinga av årsakshypotesar. Knut Kjeldstadli har såleis understreka at historiske forklaringar strengt tatt er diakron komparasjon.⁶⁷ No vil det føra for langt å drøfta heile dette komplekset – særleg med omsyn til debatten kring den «logikken» som Skocpol og Somers kallar komparativ historie som makrokausal analyse. I staden vil dei følgjande refleksjonane kring forklaringspotensialet til jamføring utdjupe moment diskutert ovanfor, inkludert nivåproblematikken og tilhøvet mellom synkron og diakron samanlikning.

Giovanni Sartori har sagt at den viktigaste føremonen ved komparasjon er høvet for kontroll,⁶⁸ og rettar dermed merksemda mot organiseringa av variablane nytta i samanlikninga. Sidan forklaringskrafta i ei samanlikning kan liggja på mikro-, meso- og makronivå, kan valet av kva variablar som er uavhengige, kva som er mellomliggjande og kva som er rekna som avhengige variablar, ikkje fastsetjast *a priori*. Det som kan fastsetjast på førehand – i alle høve om ein opererer med eit klart definert makronivå – er vurderingar kring forklaringskrafta til strukturvariablane. I tillegg gjer ein seg vanlegvis nokre tankar om kva variablar som er utslagsgjevande (uavhengige) gjennom den innleiande prosessen der

66. «There is no history that is not, ultimately and at least implicitly, comparative» (Baldwin, Comparing and generalizing, i Cohen og O'Connor, *Comparison and History*, 18).

67. Kjeldstadli, Nyttan av å sammenlikne, 437. Sjå også K. Kjeldstadli, Å forklare er å sammenlikne, i *Dugnad. Tidsskrift for folkelivsgranskning*, 83, 1983: 59–68.

68. G. Sartori, Compare Why and How. Comparing, Miscomparing and the Comparative Method, i M. Dogan og A. Kazancigil (red.), *Comparing Nations. Concepts, Strategies, Substance*, Oxford 1994: 16.

ein set seg inn i relevant sekundærlitteratur samt skaffar seg oversikt over kjeldetilfanget. Slike refleksjonar er likevel tentative, all den tid historiske systematiske jamføringar sjeldan eller aldri opererer med generelle lover. I dei fleste historiske komparasjonar er det eit fenomen på mikro-nivå som står i sentrum og som skal forklarast. Dette leier i sin tur til ein dialog der ei tentativ tilordning av uavhengige variablar på makro (og mesonivå) kan bli korrigert gjennom den empiriske undersøkinga. Ein slik kombinasjon av deduksjon og induksjon problematiserer ytterlegare arbeidet med å tileigna variablar forklaringskraft. Det oppstår til dømes problem når institusjonar ikkje berre kan vurderast som statistisk struktur, men også må handsamast som einingar som i Mary Douglas si formulering «tenkjer» og såleis har ein eigen agenda.⁶⁹

Undersøkinga av offentleg debatt i mellomalderen opererer som nemnt med fem variablar. Dei to strukturvariablane «statsdanning» og «kommunikativ infrastruktur» er vurderte som uavhengige i tydinga at graden av statsdanning og storleiken på den kommunikative infrastrukturen påverkar dei to variablane på mesonivået, «deltakarar» og «publikum»; meir omgripande statsstrukturar bidreg på den eine sida til ei politisering av breiare lag av folket, medan ein meir omfattande kommunikativ infrastruktur er føresetnaden for å nå ut til desse breiare laga. Når dette er sagt, skapar mesovariablane utfordringar då det, i tråd med det som var sagt ovanfor, ikkje alltid er lett å avgjera om desse er uavhengige eller mellomliggjande. Til dømes, i dei to fyrste undersøkingseiningane – dei med forankring i Karolingarperioden og på 1000-talet – forklarar storleiken og samansetjinga til «deltakarar» om debatten er av ein argumentativ eller ein demonstrativ type. Som eit resultat av politiseringa av breiare lag av folket utover i mellomalderen får «publikum» etter kvart status som uavhengig variabel. Utfordringa då, til dømes i Becketstriden og under Baronoppøret, er å avgjera kven av desse mesovariablane som har mest forklaringskraft.

KONKLUSJON

Når det innleiingsvis vart hevda at historikarar har til gode å omfemna den systematiske komparasjonen, er det kanskje på sin plass å leggja til at dette på ingen måte er unikt for historiefaget. Medan det frå antropologisk hald har vorte peika på at det kjem stadig færre komparative granskningar,⁷⁰ konkluderte Sartori i 1990-åra med at stoda i komparativ poli-

69. M. Douglas, *How Institutions Think*, New York 1986.

70. R. Borofsky, *Enhancing the Comparative Perspective*, i R. Borofsky (red.), *Assessing Cultural Anthropology*, New York 1994: 77–83.

tikk er skuffande, i alle høve jamført med aktiviteten på 1970-talet.⁷¹ Årsakene til dette er fleire, men ein generell grunn er illustrert av Allan Mitchell si utsegn om at ein komparativ historikar er ein som «does twice the work and receives half the credit».⁷²

Historikarar sin skepsis til jamføring er delvis av metodisk karakter og tufta på fokuset på det individuelle og det unike. Men, som eg har freista å syna, det er ikkje er noko naudsynt motsetnad mellom diakron jamføring med meir enn to einingar og ei empirisk etterrøking av det unike. Nøkkelen er å etablere ein dialog mellom dei ulike nivåa på den eine sida, og mellom dei ulike (diakrone) einingane på den andre. Den viktigaste føresetnaden for den diakrone dialogen er at dei same spørsmåla (og variablane) vert gjort gjeldande for alle einingane, medan det på eit synkront nivå er eit poeng at den empiriske undersøkinga (på mikronivå) er referansepunktet for dialogen. Avslutningsvis er det på sin plass å minna om at komparasjon ikkje berre har ei rolle å spela i sjølve undersøkinga, men også kan ha ein kritisk etterprøvande funksjon; i følge Jack Goldstone ville fleire av Michael Mann sine hypotesar i *The Sources of Social Power* ikkje ha tålt grundige historiske jamføringar.⁷³

71. Sartori, Compare Why and How, 26; J.R. Bowen og R. Petersen, Introduction: Critical Comparisons, i Bowen og Petersen (red.), *Critical Comparisons in Politics and Culture*, Cambridge 1999, 8. Sjå også A. Krogstad, Antropologisk sammenlikning i 'tykt' og 'tynt': Ti kjetterske teser, i *Norsk antropologisk tidsskrift*, 11, 2000, 90 som set fram årsaker til at få driv med samanlikning innan antropologien: «Det er en langsom og krevende prosess å bende 'tykke' beskrivelser opp fra bakken, gjøre dem sammenliknbare med andre beskrivelser, og i tillegg få frem en dybdeforståelse i forhold til det meningsunivers som omgir fenomenene som beskrives.»

72. Sjå A. Mitchell si melding av C.A. Dunlavy's *Politics and industrialization: Early Railroads in the Unites States and Prussia*, i *Central European History*, 29, 1996.

73. J.A. Goldstone, A historical, not Comparative, Method: Breakthroughs and Limitations in the Theory and Methodology of Michael Mann's Analysis of Power, i J.A. Hall og R. Schroeder (red.), *An Anatomy of Power. The Social Theory of Michael Mann*, Cambridge 2006: 269.